



Benedicte Rakel Rikstad  
Kapperdalsvegen 170  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2547 - 18/35056

Saksbehandlar:  
Anne Wergeland  
Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:  
20.11.2018

## Referat frå møte i SU / SKMU 15.11.18

**Dato:** Torsdag 15.november  
**Tid:** kl.15:00 – 16:00  
**Stad:** Seim skule, møterom 1.etg.

**Til stades:** Trine Rønn-Aar (FAU), Kjersti I Ljones (lærer), Solveig Alver (lærer), Gerd Karin Isaksen (andre tilsette), Mathias Solvi Køhne (elevrådet), Tuva Langøy (elevrådet) og Anne Wergeland (rektor)

### Del 1 Samarbeidsutvalet (SU)

#### Sak 9/18 Godkjenning av referat frå møte 12.mars 2018

Ingen merknadar til referatet

#### Sak 10/18 Godkjenning av sakliste

Ingen merknadar til saklista

#### Sak 11/18 Konstituering

Trine Rønn-Aar vart vald til leiar og Kjersti I Ljones til nestleiar.  
Rektor skal alltid vere sekretær for utvalet.

#### Sak 12/18 Tilbakemelding frå elevrådet om aktuelle saker

Mathias og Tuva gjekk gjennom saker elevrådet har jobbe med i haust. Elevrådet har hatt tre møte i haust. Desse sakene har vore drøfta:  
Klassereglar, korleis rta vare på eigne, andre og skulen sine eigendelar, «Kom og leik», uteleikar og ynskje som er sendt til FAU, fordeling og merking av fotballmåla, blink til snøballkasting, sand i sandkassa på småplassen og nye hjelmar til sparkesyklane.

#### Sak 13/18 Tilbakemelding frå FAU om aktuelle saker

FAU har hatt eit møte i år. Der vart det gjennomgått kva saker FAU har jobba med dei siste åra. FAU og skulen samarbeider om julefest i Strilatun, skulen tek ansvar for underhaldninga og FAU julepregangen. Det vert ikkje mat og heller ikkje julenisse. Dårlig erfaring frå tidlegare år.



KFU skal ha årsmøte 20.november. Sak om klasseforeldremøte kombinert med temamøte vert drøfta på neste møte i FAU.

#### **Sak 14/18 Tilbakemelding frå skulen om aktuelle saker**

- Verksemdplanen for skulen vert i år delt i to der ein del er Kvalitetsplan (3-årig) og ein del Aktivitetsplan (sendt ut med saklista). Skulen arbeider med Kvalitetsplanen og skildring av visjon, verdiar og utviklingsarbeid. Vi reknar med at nye Alver kommune kjem med føringar for Verksemdplan seinare, men til så lenge tenkjer vi at Kvalitetsplan og aktivitetsplan vil vere gode reiskap for oss. På Seim skule.
- Organisering av skulebiblioteket ; møblering og «bokstamme» er eit pågåande arbeid no i samarbeid med bibliotekarar frå Lindås bibliotek, avd. Knarvik. Skulen har stort behov for fornying av bokstammen. Vi har altfor få nye bøker. Vi treng å skifte ut bøker for ca. 29.000kr i året. Alle vert oppmoda til å følgje med på om det dukker opp noko der vi kan søkje om pengar til innkjøp av nye bøker.
- Heimesida til skulane i Lindås er lagt ned. Kommunen har fått ein ny portal og skal på sikt også legge ut aktuelle opplysningar frå skulane.
- Nye Alver kommune – SU fekk litt orientering om kor langt ein er kome i prosessen.
- Helselaget har sett avpengar til premiering av Topptrinneb til våren: 1500kr til klassen med høgast gjennomsnittleg poengsum, 1000kr til nr.2 og 500kr til nr.3 Veldig kjekt. 😊 helselaget får ein formell takk frå skulen i ei julehelsing.

#### **Sak 15/18 Høyring Barnehage- og skulerute 2019-2020 (vedlegg)**

Rektor sender svar på høyringa. SU har ingen endringar til framlegget til skulerute for 2019 – 2020.

## **Del 2 Skulemiljøutvalet**

#### **Sak 16/18 Opplæringslova kap.9a**

Kort orientering om lovpålegget og skulen sitt ansvar/plikt. Litt orientering også om kva saker vi har jobba/ jobber med i haust.

#### **Sak 17/18 Prosjekt Betre Læringsmiljø**

Prosjekt Betre Læringsmiljø er eit felles prosjekt for Meland, Radøy og Lindås kommunar. Prosjektet skal bidra til å sikre heilskap og system i arbeidet med å skape gode læringsmiljø. Det peikar fram mot Alver, og vil gi ei felles plattform for korleis vi forstår, forankrar og jobbar aktivt med læringsmiljø i barnehage og skule. SU/SKMU vert spurt om å vere referansegruppe i prosjektet. SU/SKMU på Seim skule er positiv til å vere med i referansegruppa.

**Møteplan vår 2019:** SU/SKMU reknar med å ha 3 møte vår 2019 – eitt tidleg i februar, eitt i mars (før frist til uttale i samband med «Prosjekt Betre Læringsmiljø» 26.mars) og eitt møte i april/mai.

Med helsing

Anne Wergeland  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakrar:**

Anne Wergeland	Øvre Blekeveien 35	5003	BERGEN
Benedicte Rakel Rikstad	Kapperdalsvegen 170	5912	SEIM
Gerd Karin Isaksen	Bruvegen 108	5914	ISDALSTØ
Ingeborg Helene Pletten Myksvoll	Titlandsvegen 17	5912	SEIM
Kjersti-Iren Innvær Ljones	Orresteinen 10 A	5916	ISDALSTØ
Mathias Solvi Køhne			
Susanne Håland	Lurevegen 352	5912	SEIM
Trine Rønn-Aar	Lurevegen 516	5912	SEIM
Tuva Langøy			